VARHAUGBUEN

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 3 2024

KONGEPOKAL PÅ ELGANE
SIDE 34 - 35

4H TIL VOSS
SIDE 21 - 23

UNGDOMSKLUBB TIL BODØ
SIDE 32 - 33

AV MED UNNIKEN
SIDE 3

FRILUFTSGUDSTENESTE - VATHAUG KAPELL
SIDE 28 - 29

BIL UTAN STRUB

Sjur Håland

Hustru har blitt elektrisk. Det har ho for så vidt alltid vore, men med kjøp av el-bil har elektrifiseringa gått over i ein ny dimensjon. Me er begge frå ein tidsalder der overgang frå diagonal- til radialdekk og frå manuell til automatisk choke (eller strub, som me sa på Varhaug), var verdssensasjonar. Nå er bilane utstyrt med det siste innan satellitt- og romfartsteknologi. Den trygge dieselen er erstatta med mystiske batteri. Ikkje veit eg kor i bilen dei er plasserte. Ikkje vil eg vita det heller.

Hustru er i fyr og flamme. Bilen er fantastisk. Einaste skoret i gleda er at ho er gift med ein skeptikar. Hurtigladning, for eksempel, er ekstremt skummelt. Ladestasjonen ser ut som ein forsterka trafostasjon på Tonstad i Sirdal med ein tilhøyrande grovkalibra nordsjøkabel festa i veggen. I andre enden av kabelen, som ser ut til å kunna forsyna eit heilt kontinent med straum, er eit isolert pistolgrep montert. Pistolkontakten stikk du inn bak den luka i bilen kor dieseltanken skulle vore. Når ladinga er i gang, tilfører kabelen 150 kilowatt eller der omkring til bilbatteriet. Det samsvarar med minst 6.000 25 watts lyspærer. Er det rart eg blir redd og høgspent - og spring langt unna medan ladinga går føre seg?

«Dette er ein datamaskin», sa den hyggelege seljaren då Hustru og han sat i framsetet for ein gjennomgang av det viktigaste. Frå bakseteposisjonen min la eg merke til at seljaren la handa stolt på skjermen på Airbus-dashbordet, liksom for å streka under alt det gøyale og nyttige som bilen er utstyrt med.

Eg har rekna meg fram til at det vil ta oss kring 27 år å finna ut av alle funksjonane. Då legg eg til grunn at me oppdagar ein ny ting ved bilen me ikkje visste frå før, kvar veke.

Det har byrja ganske godt. Sist veke fann me ut at det er råd å låsa bilen utan å bruka nøkkelen. Det er berre å sveipa handa over dørhandtaket. Denne veka har me brukt til å leita etter instruksjonsboka. Det var alt anna enn enkelt. I hanskerommet låg det berre ein grøn refleksvest. Torsdag måtte me oppsøkja hjelp. Det synte seg at instruksjonsboka føreligg elektronisk. Det er berre å finna rett symbol på skjermen å trykka på. Symbolet skal me leite etter neste veke.

Her forleden vart eg overtyda av Hustru til å bruka den elektriske på langtur. Tur retur Lillehammer i løpet av ei dryg langhelg. Dei tre siste vekene før avreise brukte eg til å finkjemma internettet for å finna ladestasjonar langs ruta. Det enda opp i kaos og uvisse. Det var berre å la det stå til. Og det gjekk forbausande bra. To ladingar undervegs kombinert med do- og kaffipause og med kort, app - og vipps var me framme.

Det har blitt haust. Snart kjem frost og snø. Innan den tid trur eg nok me har funne brytaren for setevarmaren. Vindaugsviskaren er uproblematisk. Den har vore i bruk med ujamne mellomrom sidan bilen vart levert. Det ser ikkje ut til at den treng skruvast av med det første.

Takk til Bondevennen for løyve til gjenbruk av denne teksten.

SpareBank 1
SR-BANK
Sammen får vi ting til å skje.

SI BYGG
NORRØN GRUPPEN

AV MED UNNIKEN!

Kvardagane er over oss etter ein absolutt brukbar sommar. Det betyr at også våre unge og lovande er godt i gang med eit nytt skuleår. Då høver det kanskje godt å fortelja om eit minne eg har frå siste året på folkeskulen, i det som den gongen var niande klasse på Vigrestad Ungdomsskule.

Helsestellet var på stell i den tida. Skulen fekk besøk av ei desinfisert, steril helsesøster fleire gonger i året. Inkludert i helsestellet var sprøyter, BCG-strekar og vaksinasjonar. Urinprøver måtte leverast, og tannròtekampen, med klassevis fluorpuss i bomberommet, var obligatorisk.

Rykta sveiv, slik som rykte kunne sviva i ei tid der det mest moderane nasjonen hadde å tilby var telefax og trådlaus radiokommunikasjon med Handelsflåten via Rogaland Radio og mastrene i Vigreskogen. Rykta handla gjerne om jenter som hadde svima av og deisa medvitslause i linoleumsgolvet etter å ha fått ein grov sprøytespiss i rustfritt stål inn i overarmen.

I niande venta den store helsesjekken, før me var ferdig rusta til livet etter folkeskulen. Dette var djupt alvor. Eksamen var for inkje å rekna målt opp mot legesjekken. Eg og medelevane mine gjekk i sitrande spaning gjennom heile vinteren og småkviskra og venta på den dagen då legen og helsesøster skulle dukke opp.

Me visste at me gutane i klassen måtte kle av oss og sitje på venterommet i underbuksa. Det var éin ting. Men det verste var å handtera det mest seigliva og truverdige ryktet som handla om at når me kom inn til legen, som etter eit anna rykte skulle vere ei kvinne, så måtte me ta av oss siste rest av klede. Altså unniken. Så skulle legen, etter tidlegare elevar som hadde opplevd marerittet kunne fortelje, klemme og kjenne og måle og sjekke med lys og lykt, metermål og forstørringsglas og sikkert meir til.

Så kom dagen, og så sat me der på kalde stolar under skarpt lys frå kvite lysrøyr i det nakne venterommet vegg i vegg med foajeen. Tynne, blåkvite og meir enn halvnakne sat me på nåler i våre respektive 70-tals unnikar og hakka tenner, med skjelvande kne og frykt for det som vidare skulle skje.

Ein i klassen hadde eit etternamn som byrja på A. Hans lodd i livet var at han alltid måtte inn først, sidan A, då som no, kjem først i alfabetet. Han trekte pusten djupt, tok det som ein mann og trippa berrfota inn til legen. Det gjekk bra. Han kom ut att frå legekontoret med livet i behald og med unniken på rett plass. Tilsynelatande utan varige mein.

Mitt etternamn er Håland. Det betyr at eg måtte venta til etter Bratland og Dubland og Bjorheim og Husveg, før sjukepleiaren til sist kom ut og gaula «Håland» med det eg tolka som ei skadefro røyst. Eg lystra og tusla inn til legen medan mitt korte liv passerte revy for mitt indre. Ryktet stemte. Legen var ei kvinne. Så nervøs og redd har eg aldri vore i mitt liv. Eg stålsette meg, gjorde meg klar til å trekkje ned unnikken, og venta på beskjeden frå ho i den kvite frakken.

Kommandoen kom aldri. O salige fryd. Eg slapp unna! Eg trong ikkje ta av meg trusa. I staden fekk eg eit spørsmål frå den legen. Og det er det einaste spørsmålet som eg kan hugse frå mine ni år i folkeskulen, munnleg og skriftleg eksamen inkludert.

Ho spurte: «Er testiklane på plass i pungen?».

Eg fekk stamma fram et «ja.»

Ho sa: «Det var alt. Nå er du ferdig.»

Og dermed var eg ferdig med skulen og klar for det store spranget ut i livet med trusestrikken trekt godt oppunder armane.



HÅ PISTOLKLUBB

En liten lyd frå Hå Pistolklubb er kanskje på tide. Me har i første halvår hatt skikkelig godt oppmøte på treninger med over 100 forskjellige sjeler. På kalde vinteren står me der oppe, frys, skyter og koser oss. Det er betre nå på våren og sommaren. Hadde nok ikkje skada med ein innebane men me klarer oss nok. I år har me prøvd å tilby felt/liggande trening ute på feltbanen på dei mandagane veret har tillete det frå april av. Dette ser ut til å væra populært med ca 20 forskjellige folk som har vore innom. Dette er bare for dei med egne våpen ennå, men me håpar å fortsetja med det både litt til utover hausten og neste år. Me kunne alltids hatt fleire folk til å væra med å dra lasset både på dugnadane me har, og på stevnene. Når me tenke på kor godt med oppmøte på treningane, så skulle det eigentleg ikkje mangla med folk.

Nå er feltsesongen i skytinga godt i gang. Dette er det eg likar best, og det trur eg mange kan vær enige i at det å koma seg ut i felten i skog og mark å skyta konkurranse er det beste med heile skytinga. Hå pk har hatt alle sine feltstevne i år, først ut var fallfelt, som skyttarane omtalar som jul, 17. mai og nyttår på ein gong for det er så gildt. Skyting kun på stålmål der me MÅ få figuren til å falla for å få poeng, det er ikkje like lett, av til og står den berre og dirrar og ler av deg hvis du har eitt dårleg treff.

Så ein liten pause i Hå der me berre går på vitjing til andre klubber å skyt stevne og koser oss før me var vert for eitt av distriksmesterskapa, fin og grov, der kranglar skyttere frå Rogaland, Vest-Agder og Aust-Agder om å koma på pallen. Me har og SR-bank pokalen på dette stevnet og den må ein skytter få tre napp i for å få til odel å eige. Dette klarte endelig Glenn Bjorheim å få til i år så den er hans etter å ha vore på vandring blant skyttere i over ti år!

I år va me seks skyttere som reiste på felt NM til Rena. Dei hadde eitt supert arrangement. Ei krevende men gild løype og me kosa oss masse og møtte igjen både kjente og ukjente skyttere frå heile landet. Her var det ikkje så mykje å skryta over individuelt, men i MIX lag vart det nokre medaljer. Sølv til Glenn Bjorheim og Sissel Synnøve Korpiselkä i spesialpistol og Gull til Andreas Fuglestad og Liv Håland i spesialrevolver og sølv til Andreas og Liv i grov.

Sist ut var spesialfelt dette er eit forholdsvis lite stevne men ikkje mindre gildt av den grunn. Her var me vert for kretsmesterskap i spesialpistol og spesialrevolver. Då er det rogalendingene som kjemper om pallplass.

Nå er det nokre banestevner igjen å arrangera for Hå så er det ein liten pause før me begynner stevneaktiviteten igjen til våren. Nå er det hardtrening heile vinteren.

Roald Fuglestad i Hå pk genser.

Glenn Bjorheim.

Liv Håland.

Hå Sportskyttere er ein klubb som held til på Refsland skytebane

Klubben vart starta i 1999 som ei undergruppe av Hå pistolklubb.

Har siden 2012 våre ein eigen klubb som er medlem av Dynamisk Sportskyting Norge. (DSSN)

Og utøver dette forbundet sine skytegreiner.

Det er god aktivitet i klubben, mange av medlemmane er aktive på stevner over store deler av landet og i utlandet.

På norgesmesterskapet i minirifle i juni var vi 13 stk fra klubben som deltok. Vi er i dag 73 medlemmar.

Styret består av: Eyvind Fosse, Ole Johan Vold, Atle Efteland Olsen, Andre Kolle Neverdal og Orvel Varhaug.

Er dette noge du kunnne tenkt å vera med på er det bare å ta kontakt på mail: ov@oleg.no eller tlf: 902 06 488.

Orvel Varhaug

FRÅ REDAKSJONEN

Me har hatt ein flott sommer, som eg tykkjer har gått så utrulig fort. (men kanskje har det noko med alderen å gjera?)

Brått var me langt uti august, og det var dei skrikande gjæsene som flyg i formasjon i lufta, som minna meg om kor langt me var komne i året.

Akkurat nå har eg ein fot i Varhaugbuen, og ein i basaren til bygdekvinnelaget, men slik har det vore mange gonger før. I år er basaren 29. august og bladet skal i trykken 30. august. Men det er godt å ha noko å gjera.

Ute i verda er det krig og elendighet, så då er det godt å konsentrera seg om ting som skjer rundt oss her heime. Ikkje ofte eg har sett så mange fine gule åkrar og så mange fine eplestykke (potet), som denne hausten.

Det er då eg tenker på Elisabeth Reiestad sitt dikt om Jæren, der det heiter slik i andre verset:

«Himlen er så høg og fin og blå.
Jorda har all korngullstasen på».

Ynskjer alle ein fin haust.

REISA PÅ FERIE -

SYKKELCRUISE LANGS RHINEN

Kor skal du reisa i år? Har du vore på ferie i år? Dette er vanlege spørsmål på føresommaren og ettersommaren. I sommar har eg vore på sykkelcruise langs Rhinen, og det meinte Liv eg måtte skriva om i Varhaugbuen. Så då får eg vel lya. Men eg er ikkje sikker på om det er interessant for andre. Eller kanskje det er noko som får eit puff til å gjera noko liknande neste år?

Eigentleg er det eit kav å reisa vekk. Alt som skal gjerast før eg reiser, og så den dumme pakkinga. Eg seier kvart år at nå er det siste gongen eg skal på tur. Og så reiser eg på tur neste år og. Eg har ei veninne som likar å reise, så det er ho som dreg meg ut. Når me tidleg på året planlegg ny tur så er det spennande. Og når eg først er komen av stad så er det gildt. Å mimra attende er endå gildare.

Denne sykkelturen gjekk langs Rhinen frå Köln til Mainz. Me budde på MS Olympia. Båten gjekk same strekning som me sykla. Dersom eg ikkje gadd å sykla ein dag kunne eg berre vera om bord på båten og oppleve cruise. Eg valde å sykla kvar dag, endå til den dagen det var meldt regn.

Maten og servicen på båten var kjempegod. Me smurde med oss matpakke for lunsjen ute i det fri. Det var kaffi og kake om bord klokka 16 og fire rettars middag 18.30. Klokka 9 om morgonen var det orientering (på engelsk) om sykkelturen den dagen. Etter middag hadde gruppa vår ei samling på dekk.

Me kom til Köln tidleg ettermiddag, så då var det å ta ein kikk på byen før velkomst og middag. Det var laurdag, og ein marknadsplass ikkje langt frå båten. Der fekk me kjøpt oss litt mat. Og så ville me gå og sjå den flotte Kölnerdomen. Den var praktfull med mykje fine glasmåleri. Då me kom ut derfrå var det regn. Ein paraply på fire personar seie seg sjølv at dei fleste vart godt dynka. Så då var det berre å koma seg til båten og skifta.

Sundag var første sykkeldag og gjekk frå Köln til Bonn, 37 km. Dette er Vest-Tyskland sin tidlegare hovudstad og Beethovens by. Me rakk ein tur på byen og til Beethoven-museet før middag.

Måndag var den lengste etappen frå Bonn til Andernach, 45 km. Dette var ein fin tur i fin natur og strålande ver. I Kripp tok me ferje over til Linz, ein koseleg landsby. Og me hadde fleire stopp undervegs.

Tysdag sykla med frå Andernch til Koblinz. Dette var den kortaste etappen på berre snaue 24 km. Her hadde me god tid til å utforske byen og handle om me ynskte det.

Onsdag sykla me frå Koblinz til St. Goarshaussen, 38 km. På vegen hadde me ein lengre stopp i Boppard der me hadde lunsjen og vandra litt rundt i byen.

Torsdag sykla me frå St. Goarshaussen til Rüdesheim, 32 km. Her passerte me der elva var på sitt smalaste, ved den legendariske Lorelei klippen, ein 132 meter høg klippe. Me hadde fleire småstopp før me kom til Bacharach. Her hadde me lunsjen, og så begynte det å regna. Så det var berre å finne fram regnklede. Det regna godt fram til Bingen. Her måtte me ta ferje over til andre sida. Og billettøren var ikkje særleg imøtekomande. Han ville selje gruppebillett, ikkje enkeltbillett. Det var visst alt for kave. Vel framme på båten var det godt å få av seg alt det våte og ta ein god dusj som var ekstra kjærkomen den dagen. Då hadde regnet slutta.

Fredag er siste sykkeldag med tur frå Rüdesheim til Mainz, 32,5 km. Her hadde me nydeleg ver og nydeleg natur. Her var mange druemarker langs ruta i dag. Me hadde ein lengre stopp i Eltville der det var ein fin park til å vandre rundt og ta lunsjen. Mainz er boktrykkarkunsten sin by. Johann Gutenberg vart født her cirka 1400, og på museet kan me sjå Gutenbergs bibel, verdas eldste trykksak utstilt. Å gå på torget i Mainz var ei oppleving laurdag føremiddag.

Me sykla med vanleg sykkel. Og det var absolutt ikkje nokon grunn til å bruke el-sykkel på desse etappane. Det gjekk lett langs elva. Nokre få gonger måtte me ut i trafikken, men elles var det god sykkelveg langs elva. Og mykje fin natur. For meg er det den beste måten å feriere på. Og så har me hotellet med oss. Me treng ikkje pakke ned og opp kvar dag.

Brit Obrestad

TUR TIL RYFYLKE

Ca 20 damer hadde meldt seg på den årlege turen som i år gjekk til Ryfylke og Hjelmeland.

Vi starta frå Varhaug kl 9 og vi kjørte direkte til Årdal, indre veg. Deretter køyrde vi til Helgøy og Helgøyfrukt.

Her dyrkar dei morellar, epler, pærer og plommer. Vi hadde omvisning på fruktgarden før vi fekk servert ein nydelig middag.

Neste stopp var Omcider, ein gard på Hjelmeland der dei dyrker epler og av desse lagar dei ulike typar cider. Her fekk vi omvisning i produksjonslokalet og orientering om korleis dei, stein for stein, har bygd opp bedrifta.

Så bar det til Årdal og Skabelonen hos Eldfinn Austigard. Her blei det servert gongkaker og kaffe. Austigard er kjent for Eventyrskogen i Årdal der han har skore ut mange eventyrfigurar. Heime i Skabelonen var det og utruleg mange fine og forskjellige utskorne trefigurar. Ja, ein plass eg kan anbefala eit besøk.

På heimturen var vi innom Glasskjellaren på Tau og deretter var det strake vegen heim.

Astrid

AH BYGG AS
BETONGARBEID - TREARBEID
Møllevn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79

KJÆRNEBORING
BETONGSAGING
Rilling av spalteguly. Graving og drenering. Senking av kjeller. Utmåling av fjøs.
Egil Haland 416 99 617 www.Toppaland.no toppaland@gmail.com

FARGERIKE
Halvorsen

SENTRUM SALONGEN

Sentrum Salongen har fått nye eigere då Siv Elin Våland og Kristine Gjersvik har kjøpt seg inn i bedriften. I Lag med Trine Nevland eig vi nå ⅓ kvar.

Trine har dreve Sentrum Salongen i ca 17år. Men hu har fått long covid og har vore 100% sykmeldt det siste året. Hu kjem ikkje tilbake med det første. Kristine og Siv Elin har jobba i salongen i mange år, og me gleder oss til mange nye år i salongen.

Kristine

Jærmester
BYGGER MED KOMPETANSE
www.jermester.no

MAU
MURERFIRMAET
AANESTAD & UELAND
Totalleverandør av bad og våtrom

BLI MEDLEM
Pulsen FUNCTIONAL FITNESS
VARHAUGS Pulsen

PULSEN - 15 ÅR

Åra går fort, og nå har me hatt Pulsen på Varhaug - som Brith Jorunn Berentsen, Oddveig Odland, Jane Else Sandø og Kathrine Skrettingland starta - i 15 år.

I høve jubileet, var det ope hus akkurat då bladet går i trykken så det får me koma tilbake til i neste nummer.

Sist eg skreiv om Ronny Gudmestad og Pulsen, var det fleire tilsette, mens Ronny hadde anna arbeid, og Pulsen var meir som hobby. Men han hadde eit ynskje om at denne nye bedrifta skulle gå så godt, at det og skulle verta hans faste arbeidsplass med tida. Og det har det og vore sidan 2017. Utanom Ronny og kona, Siv, er det nå 11 tilsette på Pulsen, fordelt på instruktørar og det å halda lokala reine og ryddige.

Sidan Pulsen nå er 15 år, og ein stødig arbeidsplass, har Varhaug-pulsen investert i noko heilt nytt innan trening. Det gjeld å halda seg oppdatert på det nye!

Reknar med at dei fleste som handlar på Spar eller kjøper Thaimat, har fått med seg den store annonsen på utsida av bygget.

EGYM, er noko heilt nytt, men det er ei enkel trening son er tilpassa dei mål ein har sett seg.

Slik vert EGYM presentert i brosjyren:

«Du får et fleksibelt armband som du bruker når du trener. Programmene kan utføres av alle, fra nybegynnere til profesjonelt nivå. Etter at maskinen er satt opp for deg, og en styrketest er utført, tilpasser EGYM treningen til dine forhold.»

Anbefalingen er å trene to ganger i uken. Det er nok å ta en runde i sirkelen. Hver runde med ni maskiner tar omtrent 15 minutter. Når du har logget inn med armbåndet ditt, settes maskinen automatisk etter deg. Og så forsetter du med klokken til neste».

Dette nye utstyret er på plass hos Varhaugpulsen til jubileet 30. august-24. Og 31. august vert det stor feiring med kaffi og kaker. Då skal i alle fall Varhaugbuen møta opp. Liv

FORVEDEN TUR PÅ OPPSIÅ AV LINJÅ

Bussturen starta frå Lensmannsgarden med 30 forventningsfulle damer. Det einaste dei visste var at dei skulle på tur på oppsiå av linjå. Vi hadde fått med oss Mons Skrettingland til å fortelja oss om plassar vi passert på turen.

Fyrst reiste vi til Årdal og henta ein passasjer før turen gjekk til Ueland og jåga-en til Henriette. Her var det ei økt med yoga som dei fleste deltok på. For fleire var dette ei ny oppleving.

På Ueland forsamlingshus blei det servert jordbær, heimelaga sjokolde, drikke og drøs. Opphaldet blei avslutta med sang ute i regnet.

Elgane Motorsykkelklubb hadde trening og der fekk vi omvisning og god informasjon. Vi fekk høyra om korleis klubben har utvikla seg og alt arbeidet som er gjort for at anlegget framstår som det gjer i dag. Dei har i dag speedway, cross og quad(firehjulingar). Klubben har medlemmer frå Klepp til Sokndal.

Siste stopp var på «nesiå av linjå», nærmare bestemt Madland havn. Der var medlemmar frå BU i gang med å grilla til oss. Før maten var det 3 tøffe damer som tok seg eit bad i havna.

Til maten var det musikk og det blei og muleg å få seg ein svingom for sanneleg hadde det kome eit par kjekke karar som baud opp til dans.

Og været, om det hadde vore ganske regnfullt tidlegare på kvelden, så var det ein av dei flottaste kveldane denne sommaren.

Ein særs vellukka tur! Og kva skal skje til neste år? Bare vent og sjå.

Astrid.

Erik Håland Maskin a.s
Ole G Nord-Varhaug & Co a.s
BØEN Siden 1924

HOBBERSTAD, LENSMANNSGÅRD GJENNOM 200 ÅR.

Då eg i vår var med Jærhatten på tur til Stord, stoppa me i Slåttevik. Der ligg den eldste landhandelen i Rogaland, som framleis er i full drift. I tillegg til handel, hadde her og vore post, bank og overnatting.

Det var ganske mykje likt det som hadde vore på Hobberstad, før i tida. Mens eg fann mykje av infoen her ved å gogla «den eldste landhandelen i Rogaland», var ikkje det like enkelt å finna noko om Hobberstad.

Men då er det godt å kjenna nokon ein kan spørja, slik som Ove Tobias Gudmestad og Lisabet Risa.

Før 1852 måtte ein ha «byborgarbrev» for å selja varer på landet. I 1851 «anbefales tidlegare konst. Lensmann E. Hobberstad til at drive landhandel med Gjestgiveri på Hobberstad». Dette var, utanom Sandnes og Tananger, den fyrste på Jæren.

Det vart raskt oppretta tre til, ein på Gausland og ein på Haarr i 1884, og den tredje på Søyland i 1857. Denne siste heldt fram til 1914.

Eg veit ikkje om det var slik på Hobberstad, som det var i Slåttevik. Der var kravet til løyvet at skulle dei overnatta, skulle det og vera servering av alkohol til utanbygds gjester. Men det var ikkje lov til å servera alkohol til bygdafolket.

I Norges Bebyggelse står det at huset har 33 rom, kjøkken og kjeller. Her er det nok rekna vel romslig, for eg har aldri klart å finna så mange.

Då me ein gong på nittitalet, søkte kommunen om tilskot til å fiksa på huset, har eg skrive dette:» 1.etasje har 10 rom, 2.etasje har 2 rom på sør og 2 på nord, som er innreia. Dessutan er det 2 store opne loftsrom med takvindaugo. 4 småkott, som før i tida hadde takvindaugo, og eit litt større rom, der me nå har fått sett inn att takvindaugo. (mot aust)».

Hobberstad var lensmannsgard i åra 1669-1880. Alle skipreider fekk eigne lensmenn i løpet av dei fyrste tiåra av 1600 talet. Det var mange gonger dei fremste bøndene i skipreida som vart lensmenn.

Lensmannsombodet gjekk ofte i arv frå far til son gjennom fleire generasjonar. Hobberstad var lensmannsgard for Kvia (eller Qvia, som det heitte før) skipreide.

Før jernbanen kom, var Hobberstad eit midtpunkt på Jæren. I 1851 kom den første landhandelen på Jæren her (når ein ikkje tek med Tananger). Bryne fekk ikkje landhandel før i 1877.

Hobberstad fekk postopneri 1. januar 1847, som det første på Jæren, og 2 år før Sandnes og 12 år før Time fekk postopneri. (NB! Bryne er då heler ikkje eldre som bygdesentrum enn frå 1878).

Dette varde til jernbanen kom, og stasjonane Nærbø og Varhaug fekk postopneri 1/10-79 og 1-84. Frå sistnemnde dato var det slutt med posten på Hobberstad. (Ove Tobias Gudmestad var i historielaget og snakka om posten i gamle dagar, og då fekk eg sjå koss dei gamle frimerka frå Hobberstad såg ut).

Hå private gjensidige Brannassuranseforening vart stifta i 1857, og Hå Sparebank, som vaks fram av denne foreninga, vart stifta i 1859. Dette skjedde og på Hobberstad. I 1894 vart Hå delt, og Nærbø og Varhaug fekk kvar sin bank. Det var meininga å skifta namn til Varhaug Sparebank, men banken vart heitande Hå Sparebank like til Sparebanklova kom i 1925.

Vår familie hadde ikkje noko å gjera med dei gamle lensmennene, men har hatt litt å seia seinare. Det var oldefar til Hans, Rasmus Hobberstad som kjøpte lensmannsgarden i 1892. Etter at kommunen vart delt i 1894 vart han vald inn i ei nemnd som skulle ta seg av delinga av banken mellom Nærbø og Varhaug. 5/6-1903 vart det fyrste forstandakaps-møtet etter delinga, halde på Hobberstad, og Rasmus vart valt til kasserar. I jubileumsboka til banken står det m.a. dette:
«Kasserar Rasmus Hobberstad var ein dugande mann for banken. Han sat som kasserar fram til han døydde i 1916».

Rasmus Hobberstad var og varaordførar 1908-14 og ordførar 1914-16.

Det var og arrest i kjellaren, som vart oppvarma av ein bileggar i det ytre kjellarromet. Det har nok vore «nære på» fleire gonger, for det var tydelige brennemerke i plankane rundt bileggaren. Fangane måtte og ha mat, og den fekk dei gjennom ei lita matluke på veggen. Og denne luka har både våre ungar og Hans nytta seg av i leik. Jærbladet laga ein reportasje om garden ein gong, og då hadde dei md bilde av matluka i veggen. Den forsvann saman med cellene, då huset vart modernisert.

Dette vart kanskje ikkje heilt slik eg hadde tenkt å skriva då eg var i Slåttevik, men nå er det i alle fall her i Varhaugbuen. Kanskje dette kan det vera ein liten «historietime» for barn og barnebarn?

Liv

BØEN - EIN SPREK HUNDREÅRING

Sjur Håland har i boka si om «Folk på Varhaug» mellom anna skrive dette om starten på Bøen:

«I 1924 kjøpte far til Otto, unge Gunleiv Bø (1898-1983) frå Bø i Nærbø, eit konkursbu i Varhaug stasjon.»

Der var det både butikk, bakeri, og sal av kraftfor og bensin.

Men dei som er unge i dag, kjenner ikkje noko til dette. Bøen er der ein kunne snoba.

I 1956 vart landhandelen til ein storkiosk. Denne var i fleire år ein del av Mix-kjeden, men for folk på Varhaug her det alltid vore Bøen.

Då Maria Varhaug for 5 år sidan, starta som dagleg leiar i kiosken, skreiv eg om henne i bladet. Ho tykte det var gildt å verta sjef i kiosken ho hadde i som tenåring, og ho har framleis den jobben. Sjølv seier ho at håpet er å ha den jobben når kiosken kan feira 140 års jubileum.

Varhaugbuen ynskjer Bøen - ein institusjon i bygda - til lukke med 100 år og alle åra som kjem.

Liv

hud & fotterapi VARHAUG
HEIDI DUBLAND BØ
Hud- og fotterapeut
Stasjonsveien. 14,
4360 Varhaug
Mob: 41 27 66 79
Timebestilling 51 43 13 69

JG MASKIN
Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no
• SERVICE • DELER
• REPRASJONER

ABRØR
Sørskogvegen 8, 4364 Sirevåg
Tlf 48 50 97 80
post@abror.no

STØTTA PÅ TOPPALANDSVEGEN

For nokre år sidan tok eg bilde av denne støtta, og tenkte; det måtte eg få med meg i bladet. Men eg viste jo ikkje kva det var, og folk eg snakka med viste det heller ikkje. Så vart denne saka berre liggande; Ute av øyet… osv - Men det forsvann ikkje heilt frå sinnet. Så kom eg på å spørja Sverre Ånestad på Kydland, og då fekk eg dette frå han:

LITT OM STØTTA PÅ TOPPALANDSVEGEN, JESPERSTØTTA

Støtta er til minne om Jesper Tønnesen, født på Nese i Gjesdal i 1886. Faren Tønnes, kjøpte gard på Kvia i 1826, for 400 spesidalar. Og eg går ut frå at det er den garden som er museum nå.

Jesper S. Varhaug (85), vart gift i 1935 med Anna Kristine (69) - Sør Varhaug, død i 1941. Dei hadde ein gut som døyde i 1838. Ho var sikkert i slekt med «losfolket» på Varhaug. Han bygde og kjøpte gard på Varhaug i 1837, og dreiv den til 1848, då han selde og kjøpte gard på Kydland, gnr. 58, bnr. 5.

(Hypotese, kanskje garden på Varhaug, gjekk tilbake til slekta etter første kona?)

Han vart gift med Ingeborg Kristine Friestad, Sirevåg(100c). Han hadde så garden på Kydland til 1853, då han selde til Gunnar Tolleivson, og budde vist seinare i Stavanger.

Men i 1875 er han folgemann på Kydland, og bur i eit husvære sør for vegen der støtta står. Sidan har me alltid kalla jorda sør for vegen for Jespertufta.

Kva tid Jesper Tønnesen døyde, veit eg ikkje, men hytta var borte då far, Karsten, kom til Kydland i 1929. Då far dyrka opp jorda på nordsida av vegen, fann dei restane av brunnen hans. Tenkjer at det var ikkje rare greiene.

Etter som eg har forstått, reiste i alle fall fleire av barna hans til Amerika. Det er blitt sagt at dei sende pengar hit for å reisa ei minnestøtte der far hadde budd.

Teksten på framsida av støtta: TIL MINNE UM 1905.
På baksida: reist av T.Gjesperson Kydland 1906.

Anton Skretting restaurerte støtta; fekk betong frå dei som bygde det nye meieriet, hugsar ikkje årstalet. Han hogg inn litt meir på framsida: 1940-1945. Og bak: Varhaug skyttarlag 1950.

Det var synd at det innlegget som stod i Jærbladet i si tid, ikkje vart teke vare på, eg har leita etter og spurt om det på Bryne, men kanskje det kan dukka opp att før eller seinare.

Sverre Ånestad

NYTT FRÅ MISJONSHUSET

No er byggearbeidet godt i gang. Ny vegg mot skulegata vises godt. Og den nye hoveddøra er kome på plass. Mingleromet utafor matsalen vert det jobba med, og fortsatt er toalettene utanfor møtesal stengde.

«Vi over 60» er som vanleg første og tredje onsdagen i månaden, og dei starta semesteret med busstur 21. august.

Programmet for høsten er ganske likt med det som har vært tidligere år.

No har ungdomslaget (VAKRU) to lovsansteam, dei øver i møtesalen onsdag og torsdag. Når det er planlagt møter der, må dei flytte øvingene til ein annan sal. Vi vonar at etter at ombygginga er ferdig vil det verta øvingslokaler i andre og/eller tredje etasje.

Sjå elles program på oppslag og i annonsar og følg med på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

I byggeperioden er kontoret midlertidig flytta til rom over hovudinngang, men kontakttelefon er den same.

Ver merksam på kontortida på misjonshuset som er måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51430808.
Det er berre 1 time.

Hugs at ein kan tinga rom ved bruk av internett:
https://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752

E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset.
Med helsing, Per-Arvid

PLANAR FOR HAUSTEN I BYGDEKVINNELAGET

29. august	Basar
26. september	Årsmøte
31. oktober	Medlemstur
28. november	Julemøte

Desse laga står bak Varhaugbuen:

VARHAUGBUEN

Varhaug bondelag,
Varhaug bygdeungdomslag,
Varhaug bygdekvinnelag,
Svala 4H,
Varhaug Misjonshus,
Varhaug Bedriftsforening,
DNT Edru Livsstil,
Vennelaget for Lerbrekk Skule,
Elgane Motorsykkel klubb,
Varhaug Pensjonistlag
og Vennelaget for Lennsmannsløå

Styre :

Leiar:

Sekretær
Per Arvid Jakobsen - Misjonshuset

Kasserar
Brit Obrestad - Lerbrekk skule

Styremedlem
Live Skretting - Bygdeungdomslaget
Gro Ånestad Bratland - Bygdekvinnelaget

1. vara
Ingvar Reiestad - Lerbrekk skule

2. vara
Anne Mette Tunheim - Vennelaget for Lensmannsløa

GRILLKVELD PÅ LERBREKK SKULE 1.8.2024

Sola var med oss på den 25. grillkvelden på det gamle skulehuset. Rundt 80 personer var møtt opp til god grillmat, og for å få med seg koselig drøs med kjente og ukjente, og ikkje minst få med seg fin trekkspelmusikk frå «Agnes og dei». Dei hadde med Tor Marton Sviland som stod for flott sang, og han var forsanger for oss andre i allsangen. Musikarane har vore med å laga stemning i mange år.

Kjøkkengjengen starta opp i god tid for å få ferdig salat og anna tilbehør til grillmaten. Og det skulle kokast mange kanner kaffi til gode kaker som damene hadde med.

Sigbjørn Varhaug åpna opp med gode velkomstord. Han hadde som tema «De nære ting». Og det kan væra godt å bli minna om kva som egentlig betyr mest, i det lange løp. Det vart denne songen me sang først. Det blei delt ut sangbøker, og då kunne me synga i lag med musikk frå «Agnes og dei». Sang og musikk konkurrerte med biltrafikk på fv 44, men me sang etter beste evne, og koste oss med det.

Grillinga stod Arvid Varhaug og sonen Hans for. Dei hadde gått ifrå slåtten for å grilla for oss. Arvid hadde vore med på grilling heilt frå oppstarten, og sonen hadde og vore med i mange år. Det står respekt av at travle bønder brukar tida si på denne dugnaden. Og maten smaka utmerka. Som takk for jobben fekk dei kvar sin blomst.

Trekkspelarane fekk og kvar sin blomst som takk for musikken. Det same fekk Sigbjørn Varhaug. Det er han som er primus motor, og har mykje av æra for arrangementa på Lerbrekk skule. Han delte rosen med kona si, Astrid. Ho steller med mykje me ikkje ser eller tenker på, for skulehuset. Dei er eit godt team.

Tida går fort i godt lag, og etter 2 1/2 time pakka gjestene saman stolar og bord og tusla heim. Og eg trur nok heilt sikkert at dei fleste kjem tilbake neste år.

Sissel Roa Hobberstad

VARHAUG BONDELAG

Sommaren er på hell, med tanke på grasavlingane har det vert ein fantastisk sommer .
No som skolen har begynt så kjem nok eit flott haustver også, så vi får grønsaker og korn i hus . God Haust

Mvh Styret

PROGRAM 2024/2025
HÅ HAGELAG

12. September – Plantebyttedag

21. September – Sopptur med Fru Johnsens sopp og nyttevekster

28. Oktober – Medlemsmøte i Lensmannsløa - “koselig pynt til hus og hage ved bruk av naturmaterialer fra hagen/naturen ved Viola Krause Mellomstrand

21. November - Julamøte i Lensmannsløa- Blomsterkvasten

9. januar - “Lys i hagen” - Kristhild Benjamine Hansen i Lensmannsløa

13. Februar - Årsmøte i Lensmannsløa

Følg oss gjerne på facebook om du er interessert i våre aktiviteter.

Styret i Hå hagelag

WESTCO miljø

ÅRDAL & SKEIE AS
MOB: 911 52 104

ODLAND A/S
FORSKALING OG STØYPING
4360 VARHAUG

VARHAUG BYGDEUNGDOMSLAG

Sommeren er øve og Landsstevnet 2024 er historie. En god gjeng ifrå Varhaug Bu har vert representerte på Norges bygdeungdomslag sitt landsstevne på Rakkestad, i Østfold.

Det blei holdt den 16-21. juli. Denne veka bestod av masse kjekke tevlinger, god musikk, hyggelige folk, god mat og ein del regn. Men stemninga blir ikkje dårleg får det.
Me tok på oss støvlane og dundra på med liv og leven.

Nå æ Varhaug BU klar for årsmøte som skal bli haldt den 21. august der me skal bestemme kva som skal skje det neste året og val av nytt styre.

Live

VoldenTollefsen

Murmester
Waldeland & Dubland

Slakteren
R.SKRETTING A.S

HÅ SKULESJAKK

Skulesjakken har sommerferie. Oppstart for høsten 2024 er 12. september. Og vi vil fortsatt være på Bø skule på Nærbø på torsdagar frå 1730-1845.

Under Varhaugmarken 1. juni arrangerte vi VM i utesjakk. Som vanlig var det ikke det store frammøtet. Men ivrige spillere var det, og premiering til de 3 beste pluss noen flere.

De tre beste i turneringa ble ble:Victor foran Onar Paul mens Magne ble nr 3. Yngstemann som deltok var Olaus,- han gjorde en flott innsats mot de som var mye eldre.

Det blir kretsmesterskap for barn og unge antakelig 18-20. oktober, og NM i sjakk for barn og unge blir 1-3. november i Hamar.

Om det skjer noko i sjakk i Rogaland, kan du sjå på heimesida til Rogaland sjakk, https://www.rogsjakk.rogaland-sjakk.org

Elles kan du sjå på facebook sida til klubben, https://www.facebook.com/hasjakk/

Og du kan verta med i VM i utesjakk som Hå skulesjakk arrangerer under Varhaugmarken 1. juni.

SJAKK FOR VAKSNE

Jæren sjakklubb held til på Bryne VGS og speler på onsdagar. Vi speler i personal-kantina i første etasje i A-bygget, frå kl 1800 til bortimot 2200.

Klubben har hatt bra frammøte i vår. Første dag etter ferien vert 28. jaugust.

Årskontingent er kr 750 for voksen over 20 år, kr 350 for juniorer og 150 for skolesjakkspelarar opp til 14 år. Då vert ein medlem i Jæren sjakklubb og Norges Sjakkforbund og kan delta i sjakkturneringer overalt.

Programmet er ikke lagt ennå. Der vert mest små turneingar, med lynsjakk og hurtigsjakk,- men kan hende vert det også langsjakk i løpet av høsten.

Velkommen til klubben. Klubben har egen internettside: https://www.Jærensjakk.no

Og klubben har facebookside «Jæren Sjakklubb». (sjå https://www.facebook.com/jaerensk/)

Sjå elles informasjon om sjakk (med terminliste) på http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/

Med sjakk-helsing frå Per-Arvid

GLIMT FRÅ VARHAUGMARKEN

Igjen var me heldige med veret, og eg trur alle var vel nøgde med markensdagane. Det var noko for alle, og veldig mykje for ungane; først med ongaløpet på fredag, så den store hoppeputa – som det var ungar på heile tida – og ikkje minst standa til Elgane. Her var det laga til ei løype der dei minste, trygt og godt, fekk køyra med 4-hjular. Ei stor oppleving for dei små, som kom tilbake frå rundturen med skinande augo.

Så er det berre å håpa at veret vert like fint neste år, for då kjem det danske hattedamer på besøk.
Liv

Foto: Bjørg Reiestad

JÆRHATTEN

Me var 8 damer som reiste til Odense på Landshattetreff,
der me vel var rundt 120 saman til lunsj. Danskane arrangerer kvart år eit landshattetreff, der Jærhatten har vore representert sidan 2002, med unntak av 3 år. I 2007 besøkte danskane oss, og nå kjem dei tilbake neste år.

VELKOMMEN TIL SVALA 4H

Vil du ha ein meiningsfylt fritid, skape gode minner, bestemme kva du vil læra ved å gjera eller bli kjend med andre frå heila Hå/Rogaland/Noreg/verda? Start i Svala 4H!

Målet til okke i Svala er at me skal utvikla ein aktiv og samfunnsengasjert ungdom med ansvarsfølese og respekt for natur og menneske. Målet finner me igjen i 4H løftet: «Me lover å arbeide mot det mål å varta ein ungdom med **klart hovud, varmt hjarta, flinke hender og god helse**»(dei fire H ane).

4H er ein landsomfattande barne- og ungdoms-organisasjon, som er livssynsnøytral og partipolitisk uavhengig. I 4H er det medlemmane som bestemmer! Dei bestemmer kva dei skal gjere av aktivitetar, utforske og kva dei vil læra om. Gjennom «å læra av å gjæra» utvikler dei seg til å varta aktive unge menn-esker med praktisk erfaring og sosialt engasjement.

Alle klubber har eit klubbstyre. Det er dei som bestemmer kva me skal gjere i klubben. I Svala 4H består styret av åtte unge 4H-arar. Helga 16.-18. februar er fleire av dei på styrevervskurs på Ogna for å lære meir om sitt styreverv. (Meir info kjem her)
Me har intervjua dei åtte i styret med nokre spørsmål for å finna ut om 4H er noko for deg:

I byrjinga av året startar medlemmane med sitt pros-jekt. Dei gjennomfører prosjektet og

stiller ut prosjektet deira på ein haustfest i slutten av oktober. Det nye med 4H dette året er

måten medlemmane samlar poeng på. Dette blir kalla 4H løpet.

4H-løpet

4H løpet er ulike måtar til å samle poeng på. Gjen-nomføre oppdrag, ha verv eller aktive

roller i klubben og delta på leir eller kurs. Kvar medlem som samler 1000 poeng mottar

plaketten (plaketten er den høgaste utmerkelsen som deles ut til medlemmer over 18 år).

Dette året har Svala rekordmange som kan motta plaketten om dei fullfører året, heile 8 stk!

Dette er me utroleg stolte av.

Me gler okke til eit nytt 4H år! Frå klubbrådgivarane i Svala!

HERREDSVELA TRANSPORT
TLF: 900 75 500
Vi løser det meste innen kranbil
jorgenherredsvela@yahoo.no

HELLA MASKIN AS

Varhaug Park & Hage
Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no

LANDSLEIR PÅ VOSS

Me reiste tidlig på lørdags morgon 6. juli. Når me kom fram hadde me ekstrem innmarsj og åpningsermoni. Dagen etter var det tunbygging og bli kjend aktiviteter. På kvelden var det neonparty. På mandagen og tirsdagen gjor me aktiviter så me hadde velgt sjøl på forhånd. Og på kveldane var det musikk og mykje kjekt i miljøtorget. På onsdagen gjekk me på fjelltur, og hadde åpen scene på kvelden. På Torsdagen var det volleyball turnering, og då var det og åpen dag sånn at familie og venner kunne besøke leiren. På fredagen var volleyballfinalane, og avslutningsseremoni på kvelden. Og me reiste heim natt til lørdag.

Kine Helene Fjermestad

FYLKESLEIR I SULDAL

21-23 Juni var 3 medlemmer frå Svala 4H på fylkesleir i suldal dette var en kjekk helg med mange nye venner og kjekke opplevelser. På lørdagen var det aktiviteter som bading i suldal bad, leirdueskyting, topptur og teikneserie laging.

Sondre Risa Aanestad

ASPIRANTLEIR PÅ ØKSNAVAD

7-9 juni var 23 medlemer og 3 aspirantleder frå svala 4h på Aspirantleir på øksnavad. Det var ei helg med mange opplevelser og gode minner. Aspirant leiren er ein leir for medlemmer som er fra 4 til 7ende trinn.

Jon Engelsvoll

FOTOKLUBBEN

VARHAUG PENSJONISTLAG

PROGRAM FOR HAUSTEN 2024

Den 26. - 27. august 2024
Busstur til Hardanger med overnatting i Norheimsund m.m.

Møte tirs. den 24. sept. 2024
i sosialt rom, Varhaug Idrettslag kl 17.00 - 19.00.

Magnhild Hadland fra Egersund synger sanger av Kurt Foss og Reidar Bøe. Magnhild Hadland jobber full tid som frilans artist, sanglærer og produsent.

Enkel servering, åresalg m.m.

Møte tirs. den 29. okt. 2024
i sosialt rom, Varhaug Idrettslag.

Foredrag av Gaute Øgreid Rasmussen
Allsang med Agnes og Sølvi Elin
Enkel servering, åresalg m.m.

Julemøte tirs. den 26. nov. 2024
Jærgarden, Kvalbein kl. 17.00 - 19.00

Kåseri av Arnt Olav Klippenberg «Vennlighetens Superkraft»

Julemiddag - buffe

Allsang og musikk med Totto Gjerdevik

ESSO HAR FÅTT NYE EIGARAR

For ei tid tilbake, kunne me lese i Jærbladet at Frank og Lisbet ynskte å selja Esso. Då er det alltid spennande og sjå kven det vert som tek over; er det framande folk, eller er det nokre me kjenner??

Nå har eg snakka med Helge Skretting, og vorte oppdatert på kva som har skjedd. Dei nye eigarane er: Helge Skretting 20%, Vidar Haukali 20% og Bjørn Rygg 60%.

Helge er 43år, gift med Sissel og har 2 barn, Julie på 19 og Mads på 16 år. Han har alltid budd på Varhaug, og er sonen til Solfrid og Erik T. Skretting. Han har gått på Time og Gann, og er utdanna lastebilmekaniker. Læretida hadde han hos Scania, der han og vart tilsett som sjef med 40 tilsette. Jobben hos Scania varde i 17 år, og dei siste åra var han distrikt-sjef.

Deretter vart det Jæren Storbil senter på Sola, som marked-sjef.

Så starta Helge ein dekk butikk på Forus, der han var dagleg leiar i 5 år. Det var her han vart kjent med Bjørn Rygg, som kom inn som kunde. Truleg må Bjørn og Helge funne ein god tone saman, for same dag sa Bjørn at nå hadde han noko spennande på gang. Helge spurde: «Har du tenkt å kjøpa Essoen på Varhaug»?

Rygg og Haukali kjenner kvarandre gjennom JTS A/S, og dei vart fort samde om å spørja Helge om å vera med.

Vidar Haukali har og Helge vore mykje saman med, både som ein venn og som trenarar for jentelag på Iden.

Helge er nå dagleg leiar på Esso Varhaug, men seier han kjem ikkje til å sitja på kontoret med kvit-skjorte. Han vil vera i butikken og verkstaden, eller der det er bruk for han.

Frank skal vera i jobben som mekanikar ut september, men Helge har tilsett ein 24 år gamal Varhaug-.mann, Andreas Nord-Varhaug (barnebarnet til Gustav). Og så vil heldigvis Terje framleis vera med på laget.

ESSO Varhaug er mest som ein institusjon i bygda, og Helge ser fram til å utvikla denne verksemda vidare. Han har mange planar, både med utvida dekkhotell og ladestasjon, men at han vil ta det steg for steg, og bygga stein på stein, slik me er vande med det på Jæren. Men noko av den første endringa, vert nok å opna klokka 0600, slik at dei er klar når folk køyrer forbi til arbeid om morgonen.

Det som Helge ser mest fram til, har ikkje noko med sjølve jobben å gjera. Men det å sleppa å setja seg i bilen for å køyra til Forus på arbeid. Han har funne ut at han har brukt 3,6 årsverk på å koma til/frå jobb. Nå kan han gå til jobben om han ynskjer det, og han har og høve til å stikka heim midt på dagen for å lufta hunden, om det trengs.

Varhaugbuen takker for drøset, og ynskjer Helge, Vidar og Bjørn til lukke med satsinga. Og helsinga går og til resten av gjengen som er tilsett i butikk og verkstad. Liv

(Eg spurde Frank om dei hadde funne det småbruket dei ynskte seg, men det hadde dei ikkje. Så er det berre å håpa at dei gilde folka, Lisbet og Frank, med tida får ynskje sitt oppfylt).

BABY- OG SMÅBARNSSANG

Det skjer mykje kjekt for barn i regi av Varhaug kyrkje. Onsdagar i partalsveker kl. 10.00 er det Baby- og småbarnssang for barn frå 0 år og oppover.

Dette er samlingar med sang, musikk og godt drøs. Her trengs ingen musikalsk erfaring eller evner for å delta. Syng med den stemmen du har! Sangen knyter barn og vaksne tettare saman, og her vert du kjent med andre barn og vaksne.

Etter ei kort sangsamling er det tid for leik, mat og drøs. Ta gjerne med nistemat, me koker kaffe/te.

Å stimulere barnet si musikalske utvikling i dei tidlege åra er viktig, både for motorisk, emosjonell og sosial utvikling. Språkutviklinga vil også gå lettare når rim og regler er ein del av det daglege livet.

Baby- og småbarnssang skal vera ein møtestad kor me kan høyra og gjera, vera og læra, syngja og sansa, gynga og dansa- med ein himmel over livet.

Datoane for hausten 2024 er:

4. sept, 18. sept, 2. okt, 16. okt, 30. okt, 13. nov, 27. nov og 11. des.

Rett etter Baby- og småbarnssang er det «Spød og drøs» i same lokalet, så det er bare å hive seg på her og, med eller utan spøt. Treng babyane ein kvil, er det ein stor og god terrasse i same etasje så vognene kan stå ute.

Kom og bli med i festsalen v/Varhaug og Ogna kyrkje-kontor (Ånestadvegen 12, 2. etg. I bygget til SI bygg)

Synnøve Voll er fascinert av såpeboblene

Johanne Nedrebø Hafver og Iben Kyllingstad B



B-tweens er ei aktivitets- og samtalegruppe for barn frå 5. klasse og oppover. Me held til i festsalen v/Varhaug og Ogna kyrkjekontor

(Ånestadvegen 12. 2 etg. I bygget til SI bygg.) Samlingane er måndagar i partalsveker frå kl. 18.30-19.30

På samlingane vert me betre kjent med kvarandre og Gud, og gjer kjekke aktivitetar i lag

Datoane for hausten 2024 er:

2. sept, 16. sept, 30. sept, 14. okt, 28. okt, 11. nov, 25. nov og 09. des

Kom og bli med 😊

Gloria dansegruppe

Dansegruppe for barn frå 3. klasse og oppver. Me held til i festsalen v/Varhaug og Ogna kyrkjekontor (Ånestadvegen 12. 2 etg. I bygget til SI bygg.)

Samlingane er måndagar i partalsveker frå kl. 17.00-18.00.

Barna dansar til ulike typer kristen musikk, me har ein liten andakt og nokre felles leiker. Eit par gonger i året dansar me på gudstenesta i kyrkja.

Datoane for hausten 2024 er:

2. sept, 16. sept, 30. sept, 14. okt, 28. okt, 11. nov, 25. nov og 09. des

Velkommen 😊

Med helsing Kathrine Håland Varhaug

Kyrkjelydspedagog i Varhaug sokn

FRILUFTSGUDSTENESTE VED VARHAUG KAPELL - OLSOK 29. JULI

Ei god vermelding gjorde nok sitt til at mykje folk kom til den gamle kyrkjegarden på Olsok gudsteneste mandag 29. juli. Veldig mykje folk fann plasser på sørsida av kapellet der det var litt livd frå vinden.

Mange deltakarar på Pilgrimsvandring denne dagen deltok og på gudstenesta- Dei hadde starta frå tusenårsplassen ved Obrestad Havn, og var nok meir enn 30 stk. Nokre av desse var nok for første gong på gudsteneste ved havet og Varhaug kapell. Totalt må dette ha vore rekord med tilhøyrarar, og eg tipper minst 150 stk var til stades for å høyre og oppleva gudstenesta.

Me fekk høyra fantastisk trompetspel frå Espen Behrens som kjem frå Randaberg. Han var eminent på instrumentet sitt, og det var stemningsfullt bare å lytta til han. Prest Vidar Søyland Pettersen var den som leia gudstenesta. Han tok oss med tilbake til Olav den heilage og kristninga av Norge. Det var forbudt å feira Olsok, som er katolsk, men i Norge starta kyrkja for alvor å feire Olsok og kristninga av Norge i 1930.

Songen runga godt i den fine kvelden ved havet. Først song me «Det kom eit gledesbud til dette landet» og deretter «Guds kirkes grunnvoll ene er Herre Jesus Krist». Etter Truvedkjenning song me «Din riksak Jesus være skal» før me avslutta med «Fagert er landet».

Det hadde vore ein fin og stemingsfull time ved Varhaug kapell, og trompetisten avslutta med vakkert Postludium, i staden for ringing i klokka.

Inger Haugstad

SOMMARAVSLUTNING FOR FRIMENN

Eg var så heldig å få vera med på denne sommaravslutninga i løa hjå Jytte og Oddvar Varhaug. Eigentleg fekk eg invitasjonen i fjor, men hadde ikkje høve til det då. Så derfor inviterte eg meg sjølv denne gongen og sa til Oddvar at eg kunne vera journalist for Varhaugbuen. Dette hadde så Oddvar kringkasta til heile koret fekk eg veta etterpå. Dette var ingen offentleg konsert. Berre ei koseleg avslutning saman med innbedne vener av kormedlemmane.

Det første som slo meg då eg kom inn på låven, var at dette var som eit godt gamaldags stemne, eit slikt som eg var med mor og far på då eg var jentunge på femtitalet i løa hjå Hans og Rakel på Ånestad eller på Skretting hjå Tobias og Aslaug. Berre at den gongen hadde me med mat sjølv. Her fekk me servert mat.

Frimenn har eg høyrt før, men eg trur dette må vera toppen. For heile atmosfæren var så flott. Veret, folka, musikken og songen. For ei songglede desse mannfolka har. Men kanskje er ikkje det så rart. For leiaren deira, Terje Vold, boblar over av song- og musikkglede. Han er langt over gjennomsnittet med sin inspirasjon. Og det smittar over på songarane.

Første øving hadde dei 24. oktober 2002 i Bryne frikyrkje. Nå øver dei på Høyland bedehus. Nokre få har vore med heilt frå starten. Men mange av dei første som var med er døde. Dei syng tostemt og held seg til musikklagstil. Dette er noko som dei fleste godt vaksne likar å høyre på. Dei har også gitt ut fleire CD 'ar.

Dei har eit allsidig repertoar med songar. Alt i frå Blåveispiken til Perleporten Og dei har dyktige musikarar med seg. Her er fleire med trekkspel. Så er det bass og gitar og saxofon. Mennene som syng er godt vaksne. Men du og du kor dei syng. Nokre opptrer og som solistar. Heilt fantastisk.

Terje Vold leiar kvelden, og dei starta med at musikarane spelte tre songar. Så var det ei avdeling med Frimenn. Mellom anna song dei «Billy Bryants kafe» og «Det er det samme hvor jeg drar.» Etter det var det solonummer av Thore Marton Sviland: «Landet der solen ei går ned». Og ein song av Tor Salte: «Muttern med gitaren». Dette var ei av dei første visene Tor hadde lært.

Oddvar Varhaug likar å syngje. Og han syng gjerne når han held på og arbeidar med eit eller anna i løa. Han song saman med Oddvar Bilstad ei vise på engelsk som kunne vera om då han traff på Jytte i Canada. Herleg!

Etter matpausen spelte musikarane tre songar. Mellom anna «Langt bortom rømd som blånar» . Dette var ein av dei første songane Terje hadde lært seg då dei fekk orgel heime. Så las Elisabeth Vold (kona til Terje): «Bønn for ein liden syklist» av Gunnar Roalkvam. Per Øyvind Østrem song «Nåde over nåde», og Jan Dagfinn song «You raise me up». Frimenn avslutta så med fem songar.

Oddvar Bilstad takka til slutt Jytte med ein fin hortensia for at ho stilte opp for at alt skulle klaffa med å laga til ein slik kveld. Etter siste songen «Å hvor salig å få vandre», kunne me som var så heldige å få vera med på denne kvelden, vandre rikare heim att. Song og musikk gjer livet rikare. Songglede smittar.

Brit Obrestad

Nytt frå Lerbrekk

Det var ein del aktivitet på føresommaren der me hadde nokre besøk. Den 22. mai kom det ein minibuss frå eit dagsenter på Tananger. Dei hadde lyst å sjå skulen og høyre litt om den. Mat og kaffi hadde dei med sjølv. Og me hadde ei sangstund saman med dei.

Den 30. mai kom det ein Hagabuss med 31 pensjonistar frå Austrått Seniorsenter. Og den 11. juni ein ny buss med 49 personar frå Sola Sanitetsforening. Begge gongen serverte med kaffe, lefse og gome. Sigbjørn fortalde om skulen og me song litt saman.

Nå var det ikkje meir lefser att i frysaren, så me vart enige om ein bakedag i tilfelle det skulle kome fleire bussar innom. Anne Margrethe var rask med å skaffa poteter. I butikkane var det slutt på norske poteter, men ho visste å få tak i.

Måndag den 17. juni kl. 9 presis var me klar til innsats. Fleire av dei som har vore med tidlegare kunne av ulike grunnar ikkje vera med denne gongen. Men så fekk andre sleppe til. Ingen problem så lenge me har nokon som er villige til å gjera ein innsats for Lerbrekk. Alt gjekk som «smurt», og lefsesmaken var like god som den pleier.

Brit Obrestad

SUNDAGSKAFÉ

Det vert sundagskafé den 1. september, 6. oktober og 3. novemberkl. 14 – 17.

Velkommen til kaffi og drøs i ei triveleg skulestove.

FILMKVELD



Torsdag 26. september kl. 18.00 vert det framsyning av filmen «Minner fra melkespannas tid».

Etter filmen serverer me kaffi og lappar, og syng litt saman.

Velkommen!

KUNST OG KULT

26. og 27. oktober 11.00-16.00.
Den koselegaste utstillinga av alle, ifølge Klara Pil.

Også i år vert dei fleire utstillarar.
Vennelaget har kafé begge dagane.
Sjå nærare oppslag i Jærbladet når det nærmar seg.

UNGDOMSSAMLING I BODØ

6.-10. AUGUST 2024

En krem gjeng på 16 stykke frå Loen ungdomsklubb, Lensmannsløa ungdomsklubb og Ogna ungdomsklubb reiste til kulturhovedstaden Bodø 2024. Hotell Scandic Bodø var fylt til randen av ca 200 deltakere frå Norge og ei mindre gruppe frå Finland.

Vi reiste i 2 puljer, noen tidlig og noen litt senere. Flyturane gjekk tipp topp, alt i rute heile tiden, og litt kjendiser på turen piffer alltid opp semningen. (Unge lovende fotballspelere og Erna Solberg)

En ungdomssamling er et sted hvor ungdom kommer sammen for å gjøre, lære og vokse på en morsom og spennende måte! Møt ungdom fra hele landet, delta i kreative workshops, inspirerende samtaler og ha det gøy med nye venner

Me er bara så glade for at me har fått hatt muleghet til å reisa på denne inspirerende og engasjerende samlingen i lag med fantastisk ungdom. Det var et variert program fylt med workshops, foredrag, teambuilding og sosiale arrangementer. Det var varierende men enten var det litt mye venting eller litt vell tettpakka program. Samlinga gav oss ein unik mulighet for å utforske viktige temaer som demokrati, inkludering, kritisk dialog og digital kompetanse. Det var workshop om blant anna muligheten til å påvirke og bidra med å forme et inkluderende og spennende ungdomstilbud. Reflektere over behov og ønsker, innspill på å bygge en framtid hvor alle føler seg sett, høyrt og verdsatt. Erfaringer frå ungdomsprosjekt og korleis laga ein fantastisk ungdomsfestival. Me hadde ønska å fått med oss havørn safari og saltstraumen, men det lot seg ikke gjæra – men fekk væra på mykje anna jilt. På kvelden blei konferanserommet på hotellet omgjort til fritidsklubb, der kunne me spela playstation, kjøpa snop med monopolpenger, spela brettspill, VR, bordtennis og armbandsperling. Flere av oss var på bykonsert, Escape room, Lazer Tag, Bowling, kino og klatrepark. Sykkelrittet Artic race var også i Bodø desse dagene, og det var noen interesserte som fikk sett på de når de syklet forbi.

Det foregjekk mange konkurranser som sumobryting, bordtennis og gripe mikrofonen – mange nice premier, og ungdommen frå Hå viste jærskt konkurranse instinkt.

Det blei servert jysla gode ungdomsmat som Hamburger, Taco, Lasagne og kylling sandwitch. Den aller siste kvelden var det galla middag med perfekt tapas og donuts. Arrangørene hadde til og med fått artisten.... til å komme og holde en privat konsert for ungdommene. Dette var veldig stas, og mange klarte til og med å få selfies i lag med han.

Siden det var OL, så var vi en liten gjeng som var veldig interesserte i hånball. Vi rigga oss til på hotellrommet hver kveld for å se kampene. Synd med herrene, men masse glede over damene. Finalen var på heimreise dagen, men vi fant oss en cafe på et kjøpesenter der vi fikk sett finalen til damene på Annette sin pc.

Traff knall på veret heila vekå – (noe varmt de første dagene 27 grader)dei få regndråpane me fekk var himmelske. Var kjekt å oppleve lyse kvelder og sola som gikk ned seint.

Vi bodde midt i byen så det var lett å komme seg rundt å utforske litt på egenhånd.

Flere av ungdommane utforska Bodø på RYDE (El sparkesykkel) andre shoppet eller bare gikk rundt i byen. Masse liv i gatene i det nydelige været.

Turen blei arrangert og sponsa av ungdom og fritid. Me reklamerte om ungdomssamlinga på ungdomsklubbane i vår, alle kunne søka, men det var dessverre kun begrensa plasse. Hå ungdom er heldige som har god klubb arbeidere som gjorde at ungdomsklubbane i Hå var den aller største gruppa på samlinga.

Krem ungdommar som var med er:
Benjamin Mæland, **Brede** Sola Gimre, **Gina** Salte, **Hanna** Friestad, **Isabel** Gudmestad, **Jonas** Hiim, **Mille** Ullriksen Rygg, **Nawat** Mangmee, **Nora** Berge, **Oline** Stokkeland og **Teoline** Valskår Barne- og ungdomsarbeidere **Sandra** Kristensen og **Lars** Sembsmoen.

Klubbledere **Linda** Ueland og **Annette** Jensen Gimre

Beste helsing Annette.

VESTCUP 5 PÅ KARMØY

17. OG 18. AUGUST 2024

Det spirer og gror frem nye talenter i Elgane Motorsykkelklubb.

Helgen 16. og 17. august ble det arrangert VestCup 2024 runde 5, levert av Karmøy Motocross klubb.

Det var flere unge og meget lovende jenter og gutter fra Elgane Motorsykkelklubb som deltok i VestCup , Karmøy.

I MX 85 cc (13-15 år) ble det stor spenning knyttet til de to løpene etter kvalik runden lørdag 17. august.

Det ble en knallstart på løpet fra startgrinda gikk ned. Alle knivet og ville komme først til og rundt den første svingen, for å best mulig utgangspunkt for løpet videre, og for å legge de andre crosskjørerene bak seg.

Ganske tidlig i løpet var det tre karer som utmerket seg med kjøringen og kampen om ledelsen. Det var Oscar Aniksdal (Elgane) , Alfred Sjøstrøm og Oliver Reiestad (Elgane) Det var tøff kjøring og vanvittig spennende for publikum, foreldre og foresatte. Banen var glatt og hard etter en del regn. Men det satte ingen stopper for crosskjørerene.

Det endte til slutt at Oscar Aniksdal gikk av med seieren, 1. plass, Oliver Reiestad fikk 2. plass og Alfred Sjøstrøm på 3. plass

Neste runde i VetsCup blir arrangert på Bybergsanden motocrossbane 24. og 25. august 2024

ELGANE
MOTORSYKKELKLUBB

Martine Anfinnsen Hughes sikret seg Kongepokalen.
Martine Anfinnsen Hughes ble Norgesmester 2024 i MX damer 250 cc.

NM MX SKAUN 2024

Martine Anfinnsen Hughes kjørte inn til en klar seier i NM i motorcross, damer 250 cc Norgesmesterskapet ble avviklet på Skaun 3. og 4. august. Det ble og utdelt Kongepokal , som selvsagt var svært gjev å få med seg heim til Nærbø.

Bilde til høyre: Under en flott og høytidelig seremoni med bunad kledde damer fikk Martine Anfinnsen Hughes utdelt pokal som Norgesmester og Kongepokalen . Mathea Selebø kom på 2. plass. Rosanita Hovin fra Enebakk kom på 3. plass. Etterpå ble det delt ut Laurbærkrans før Nasjonalsangen ble spilt.

Martine Anfinnsen Hughes til venstre og Mathea Selebø rett etter målgang. Begge fra Elgane Motorsykkelklubb

MARKENSGUDSTENESTE

Første helga i juni samla næringsforeninga på Varhaug bygda til Varhaugmarken. Eit program spekka med aktivitetar for både den sportslege, den motorinteresserte, den musikkglade, den som er veldig glad i farse og den som er meir glad i grillmat. Bedrifter, lag og organisasjonar var saman om å laga tre dagars bygdefest og det lukkast dei med!

Saman med Sentrum menighet hadde Varhaug kyrkje stand på marken. Her kunne du koma å slå av ein liten drøs over ein gratis kopp kaffi og ein rykande fersk lappe. Det var quiz med flotte premiar og slikkepinnekonkuranse for barna. Mange kom innom standen noko som viste igjen i kor mykje kaffi og lappar det gjekk med: 25 liter kaffi, lapperøre av 14 liter surmelk og 84 egg.

Sundag samla Varhaug kyrkje og Sentrum menighet seg til gudsteneste ute i teltet på marknadsplassen. Her stod det benker og bord igjen etter konserten som Stasjoen Pub hadde med Buserulls på laurdagskveld. For oss var det berre å fylla teltet med folk. Per Sigve Særheim preika for oss, dansegruppa Gloria dansa, Kathrine Håland Varhaug, Astrid Varhaug, Knut Harald Håland og tre gode jenter leia oss i allsangen saman med Sverre Undheim på tangentar. Det var annonsert at folk kunne ha med eigen grillmat og at det ville væra varme grillar etter gudstenesta. Då Reidar Skretting kom i snakk med oss under gudstenesta såg han at mange ikkje hadde grillmat med så han henta ein del pølser og pølsebrød i slaktarbutikken som folk kunne få gratis. Johannes Bøe fann «tynne pølser» på Spar til dei ungane som ikkje er så glade i pølsene frå R.Skretting. Mange stoppa igjen og drøste etter gudstenesta og tilbakemeldingane var at dette var utruleg kjekt. Tenkt å få samlast på tvers av kyrkjelydande og sjå kor mange som faktisk går til gudsteneste sundag føremiddag kl. 11.00.

Me sit og igjen med ein takknemlegheit over den velviljen kyrkja og Sentrum menighet har blitt møtt med hos komiteen for marken når me annonserte tanken om Markensgudsteneste. Og ikkje minst det samarbeidet me har hatt med både R.Skretting, Stasjoen Pub og Spar i gjennomføringa av gudstenesta.

Dette er bygdeliv på sitt beste!

Turid

JTR CUP

Stolt, ydmyk og takknemlig, **470 lag, 3500 spillere og 15000 besøkende, 300 frivillige** har gjort denne utgaven av årets JTR CUP til nok et fantastisk arrangement. Tusen takk til alle sponsorer som er med slik at vi kan gjøre dette tjl Norges største gratis fotballturnering.

Jan Christian Vasshus, Varhaug IL

LENSMANNSLØA - 20. SEPTEMBER

Fredag 20.september kommer Torstein Obrestad med musikere til Lensmannsløa. Den jærske poeten Tobias Skretting skildra med sine frodige tekster livet og hjemstedet på Jæren på en lys og inderlig måte. I Lappeteppe ble de tonesatt av Torstein Obrestad.

Enkelte av Obrestad sine melodier har blitt klassikere. Plata «Lappeteppe» som kom ut i 2002 ble svært godt mottatt. Flere av sangene på denne plata har blitt hiter i NRK-lokalen og på P1. Høsten 2008 kom CDen «Lappeteppe II» med nye sanger i spennende arrangement produsert av Tønnesten & Obrestad.

Lappeteppe refererer til slik Jæren tar seg ut fra visse høydedrag, med eiendomsgrenser og jordbruksmarker.

Besetning:
Anita Bekkeheien: sang, Tobias Skretting: tekster, Torstein Obrestad: sang og tangenter, Gunnar Tønnesen: sang og gitarer, Trond Gudmestad: trommer og gitarer, Oddvar Berentsen: bass og sang.

Med vennlig hilsen, Cecilie Haukeli Løvås

VBU ÅRSMØTE

VARHAUG BYGDEUNGDOMSLAG

I Bu året 2023/2024 har Varhaug BU gjennomført mange tevlinger og aktiviteter. Varhaug BU har vert godt synlige på både NBU´s haustarrangemant og landsstevne. Me har stilt på Varhaug marken. Samt aksjonsveka saman med Varhaug bygdekvinnelag, Svala 4H og Varhaug bondelag. Nå er me klar får et nytt år med masse kjekke tevlinger og aktiviteter.

Nyvalt styre får 2024/2025: Leder: Live Skretting - **Nestleder:** Jesper Lerbrekk - **Kasserer:** Helle Skretting - **Infoleder:** Astrid Håland - **Aktivitetsleder:** Sanne Håland - **Tevlingsleder:** Sondre Malmin - **Styremedlem:** Ragnvald Håland - **Styremedlem:** Irene Håland - **Styremedlem:** Ole-Kristian Ødegård

DATO FOR NESTE NUMMER AV VARHAUGBUEN

På siste sida av bladet, har det kvar gong stått kva fristen er for neste nummer.

Sjølv om eg sender skriv til foreninger og lag om denne fristen, kjem det kanskje ikkje til rett person. Difor er det viktig at laga sjølv ser etter i bladet, kva tid dei må tenka på neste nummer. Eg kjem sjølvsagt framleis til å senda ut kva som er stoff frist. Men kanskje kjem ikkje den fristen så brått på, om de på førehand har sett den to månader tidlegare.

Eg får alltid ein frist kva tid eg må levera kladden av bladet til trykkeriet, og det vert mange gonger ganske hektisk på slutten. Viss alle på førehand har sett kva tid dei må levera noko, vil det nok gå lettare både for meg og de som skal koma med innlegg. Dette til orientering. Liv

DEN GAMLE KYRKJEGARDEN PÅ VARHAUG

Dette er truleg ein av dei mest besøkte turiststadane i Hå. Trur ikkje eg er der nede ein einaste gong, utan at eg møter folk frå andre land i tillegg til nordmenn. MEN, det ser ikkje ut som dei som styrer i kommunen er her så ofte, for det er mykje som burde vore gjort: Oppslagstavla ser ikkje ut, og det er fult av rust rundt om på kyrkjebygget.

Eg har nemnt dette på kyrkjekontoret, og eg har synt bilde til ordføraren, og nå som det kjem i Varhaugbuen, reknar eg med at noko skjer. Me kan ikkje vera kjent med å ha det slik. Liv

STOFF-FRIST

Stoff frist for neste blad er

1. november 2024

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller legga det i postkassa til Liv.

FORFATTAR-BESØK PÅ BIBLIOTEKET

Torsdag 3. oktober kl. 18.00 kjem Anita Østebø og fortel om «Skammens nødre».Støtta av Fritt ord.

VIGRESTADDAGANE

Samla mykje folk i det fine vert. Dei Vigrestad er heldige som har ei slik fin torg, som er heilt perfekt for slike arrangement.

Akkurat som i fjor brukte Hå Søre bondelag ei dyre-transport vogn som «hus» for kalv, gris, lam og kylling. Heilt genialt å laga til gardar inne i vogna for dyra, verna for kulde og ev. regn, og der ungane kunne koma inn for å kosa seg med dei ymse dyra.

Liv



altibox
BEDRIFT
ice

Datahjelpen.IT as

Vi løser dine dataproblemer

51485000 www.datahjelpen.it

Bonde Kompaniet
Varhaug

Fjellsokk
3 par
2 for 349,-

Hagevogn
65 liter
499,-



Saftkoker
Fra 549,- (749,-)

Felleskjøpet genser
349,-
(499,-)

Hagerive
279,-

Felleskjøpet
Rogaland Agder — siden 1896

Velkommen til BondeKompaniet Varhaug
Åpent 8–17 (9–14)

Forbehold om trykkfeil og utsolgt

bondekompaniet.no